



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Steigedal, 71 25 84 80

Surnadal kommune - oppstartsmelding av skogvern ved Brøskjahagan

Fylkesmannen melder i samsvar med naturmangfaldlova § 42, oppstart av eit arbeid med frivillig skogvern i Surnadal kommune.

Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigar på gnr. 119 bnr. 3 i Surnadal kommune. Det omfattar eit areal på 450 dekar skog.

Gjennom denne meldinga er det ønskeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, brukarinteresser, eventuelt også om til dømes kulturverdiar og anna som det kan vere aktuelt å vite om og ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er basert på undersøkingar gjort av G. Gaarder i 2008. For meir informasjon om naturgrunnlaget, sjå her:

- Rik edellauvskog; <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00050540>
- Bjørkeskog – høgstauder; <https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00050539>

Hovudformålet med vern er å sikre eit biologisk verdfullt skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Området inneheld trua og sjeldan natur og det representerer naturtypar med store verdiar knytt til rik edellauvskog som er svært viktig (verdi A) og bjørkeskog med høgstauder som er lokalt viktig (verdi C). På Fylkesmannen si synfaring saman med grunneigar 04.10.2019 registrerte vi at dette område så og si er fri for den framande arten platanlønn, *acer pseudoplatanus*, som generelt er ein stor trussel mot edellauvskogane i fylket. Vi fann platanlønn utanfor tilbodsområdet som kan spreie seg inn i område om det ikkje fjernast. I vest byggast det ut eit hyttefelt, men vi ser ikkje at det skal være i konflikt med eit eventuelt vern. Lokaliteten er lite påverka av framande artar og har førekomstar av raudlista artar til dømes gamle almetre med bleik kraterlav (VU) og hassel med hasselrurlav (NT).



Dei naturfaglege data viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder fylkesmannen oppstart av ein verneplanprosess for området. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.

Vedlagt følgjer kart som viser området.

Dette brevet med oversiktskart er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter innspelsfasen, vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Vedtak om vern kan tidlegast skje 2021. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til fylkesmannen, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post fmmrpost@fylkesmannen.no.

Fristen for å kome med merknader til denne meldinga er 30.10.2020.

Dersom kommunen eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg. Melding om å starte opp verneplanprosessen vert også kunngjort i Sunnmørsposten, Synste Møre, Bygdebladet, Driva og Tidens krav.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar naturforvaltning

Hege Steigedal
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Surnadal kommune - kart av skogvern ved Brøskjahagan

Kopi til:

ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg 13A	7047	TRONDHEIM
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM



Mottakrarar:

NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
SVORKA ENERGI AS	Svartvassvegen 6	6650	SURNADAL
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	Idrettsvegen 2	6413	MOLDE
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
SABIMA	Mariboegs gate 8	0183	OSLO



NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegate 8	0183	OSLO
Wenche Melkild	Stangvikvegen 531	6642	
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
STATENS VEGVESEN REGION MIDT MOLDE KONTORSTED	Fylkeshuset	6404	MOLDE
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO



NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
NORGES	Møllergata 39	0179	OSLO
LUFTSPORTFORBUND			
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER